



## Statens vegvesen

Kristoffer Hagenes  
Kolåshøyen 8  
5135 FLAKTVEIT

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/117072-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
23.08.2016

### Svar – Søknad om dispensasjon frå byggjegrænse og bruksendring – gnr. 66 bnr. 1 i Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 28. juli 2016.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt dispensasjon frå byggjegrænse langs veg for tiltak på gnr. 66 bnr. 1 i Radøy kommune. Eigar har søkt kommunen om bruksendring frå løy til selskapslokale, og søker samstundes om dispensasjon frå byggjegrænse langs veg 43 meter frå vegmidte. I tillegg er det søkt om dispensasjon frå byggjegrænse for ein solterasse om lag 40 meter frå vegmidte.

Søknaden er grunngeve med at begge tiltaka er allereie oppført, og at ein ynskjer å legalisere eksisterande forhold på eigedomen.

Statens vegvesen handsama ein søknad i 2007 om utvida bruk av avkøyrsla, i samband med at eigar ville innreie løy til selskapslokale. Vi sette den gong krav om utbetring av avkøyrsla og ga løyve til utvida bruk i vedtak av 16. mai 2008, *snr. 2007/136861-3*.

#### Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggjegrænse langs fylkesveg 565 for bruksendring av løy til selskapslokale, samt dispensasjon for ein solterasse på gnr. 66 bnr. 1 i Radøy kommune.

#### Vilkår for dispensasjon:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering på staden funne å kunne gi dispensasjon frå byggjegrænse på følgande vilkår:

1. Løyve gjeld i høve til føremål som kjem fram av søknaden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

2. Minste avstand frå næraste bygningsdel til vegmidte skal vere minst 43 meter for løa (*vår referanse Fv 565 hp 3 km 0,728*), og 40 meter for solterassen (*vår referanse Fv 565 hp 3 km 0,783*), slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden (vedlagt).
3. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggjegrensa, med mindre ein kan påvise aktløyse frå Statens vegvesen si side.
4. Dersom tiltaka oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen, kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnad for Statens vegvesen.
5. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det føreligg nødvendig løyve frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

#### **Bakgrunn for vedtaket:**

Byggjegrensa skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgertrafikk) er 1500. Vegstrekninga er klassifisert til haldningsklasse 2 jamfør *"Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2013–2016)"*. Det vil mellom anna seie at vegen er ein viktig hovudveg og at ein normalt ikkje gjev dispensasjon frå byggjegrensa på 50 meter.

Statens vegvesen har lagt særleg vekt på at det tidlegare er gjeve løyve til utvida bruk av avkøyrsla for same tiltak, utan at tilhøve til byggjegrensa den gong vart vurdert.

#### **Retten til å klage:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jamfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som vil sende over klaga til klageinstansen.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

Vedlegg:  
Kart

